

Velkomen til Grindheim kyrkje!

Salmane finn du på tavlene.



I. SAMLING

Førebuing

Klokkeringing

Informasjon om gudstenesta i dag

Tre klokkeslag

Salme/Inngangsprosesjon

Inngangsord

Samlingsbøn (v/ML - medliturg)

Synsvedkjenning

A Gud, ver meg nådig! Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande. Amen

Lovnadsord

Bønerop Kyrie

A Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.

Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.

Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

Lovsong Gloria

L Ære vere Gud i det høgste

K og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

(Viss det er dåp, kjem den her, med forsakinga og trua A Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmechtige,. *Osb*

og dåpssalme. Fadervår, om det ikkje er nattverd)

Dagens bøn

II. ORDET

Første lesinga:

Salme

Andre lesinga:

Salme

Evangelium (*Kyrkjelyden reisar seg*)

Preike

Truvedkjenning Credo (Her eller ved dåpen)

A Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

Salme

III. FORBØN

Kunngjeringar

Forbøn

K Kyrkjelydssvar: Herre, høyr vår bøn (Amen)

Takkoffer leggst på altaret

IV. NATTVERD

Førebuing av måltidet

Salme

Helsing prefasjonsdialog

L Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng Og med deg vere Herren.

L Lyft dykkar hjarte.

K Vi lyfter våre hjarte til Herren..

L Lat oss takka Herren vår Gud.

K Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising prefasjon

Heilag sanctus

A *syng* Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Påkalling epiklese

Innstiftingsorda verba

Nattverdbøn

Herrens bøn

A Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Nattverdsmåltidet

Fredshelsing pax

L Guds fred vere med dykk.

A Guds fred vere med deg.

Du Guds Lam agnus dei

A synger

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
gjev oss din fred.

Salme/orgel under nattverden

Utdeling i krossen eller ved altarringen

Fredsønske

Avslutning av måltidet

V. SENDING

Sluttsalme

Velsigning: ANTEN:

Lovprising

L Lat oss prisa Herren. (*Kyrkjelyden reiser seg*)

K Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

L Velsigning

K Amen, amen, amen

Eller:

L Ta imot velsigninga (*Kyrkjelyden reiser seg*)

L Velsigning

Utsending

Postludium

FORTSETT GOD SØNDAG!

